

Brev til Kultur- og likestillingsdepartementet

Feil oversetning i den norske versjonen av CRPD om definisjonen av språk i artikkel 2

Isaac (International Society for Augmentative and Alternative Communication) vil på vegne av CP-Foreningen, Redd Barna, Handikappede barns Foreldreforening (HBF), Autismeforeningen, Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) og Løvemammene med dette gjere merksam på ein feil i den norske oversetninga av CRPD, og ber om at feilen vert retta opp. Feilen gir uheldige konsekvensar og er eigna til å skape forvirring og misforståingar.

I artikkel 2 i CRPD er der ein definisjon på kva som er omfatta av omgrepet kommunikasjon, og ein annan på språk. Dette tydeleggjer innhaldet i begge omgrepa, og syner at kommunikasjon og språk ikkje er det same, og at det derfor er nødvendig å definere begge.

Definisjonen av «kommunikasjon» er på norsk samanfallande med den engelske versjonen, og er slik:

«Kommunikasjon» omfatter blant annet språk, teksting, punktskrift, taktil kommunikasjon, storskrift, tilgjengelige multimedia, så vel som skrift, lyd, lettlest språk, opplesning, alternative og supplerende kommunikasjonsformer, -midler og -formater, herunder tilgjengelig informasjons- og kommunikasjonsteknologi».

I den engelske originalversjonen er «språk» definert slik: «"Language" includes spoken and signed languages and other forms of non-spoken languages» [Convention on the Rights of Persons with Disabilities | OHCHR](#).

I den norske versjonen er den engelske originalversjonen omsett til følgjande: «Språk» omfatter talespråk og tegnspråk og andre former for ikke-verbal kommunikasjon.

«Non-spoken languages» er altså omsett til «ikke-verbal kommunikasjon». Denne oversetninga er ikkje berre feil, den er også meningslaus om ein ved hjelp av definisjonane på språk og kommunikasjon skal tydeleggjere skiljet mellom desse. Ikke-verbal kommunikasjon er det same som ikke-språkleg kommunikasjon. Då kan det ikkje vere definisjon på språk.

Det vil vere nærliggande å endre den norske versjonen til følgjande: «Språk» omfatter talespråk og tegnspråk og andre former for ikkje-talt språk. Dette samsvarer også med den svenske versjonen, som har følgjande ordlyd: «"Språk" innefattar bl.a. talade och tecknade språk och andra former av icke talade språk» [Konventionen om rättigheter för personer med funktionsnedsättning - Institutet för mänskliga rättigheter](#).

Sjølv om det er den engelske versjonen som er juridisk bindande også i Norge, er det viktig at den norske versjonen er så rett som muleg. Det er jo den som vil vere mest brukt her.


For ASK-språklege i Norge er dette svært viktig. ASK som språk er nettopp det som erstatter tale og tegnspråk for dei som må uttrykke seg språkleg på andre måtar. ASK er altså «*other forms of non-spoken languages*». Dette må derfor kome tydeleg fram i den norske versjonen. ASK-språklege arbeider for å få anerkjent ASK som språk, med dei rettane det inneber. Om ein ser på ASK som språk, vil personar som treng ASK og deira nærpersonar kunne få rett til ASK-språkleg opplæring. Slik er det ikkje i dag.

Eit eksempel der den norske versjonen av definisjonen av språk gjer ting uheldig, er i Prop 1 S (2025-2026) frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Der gjer dei mellom anna greie for den vurderinga dei har gjort om ASK er språk. Departementet si vurdering er at ASK ikkje er språk, men verktøy. Som ein del av grunngjevinga skriv dei at i artikkel 2 i FN-konvensjonen for mennesker med nedsette funksjonsevner er «alternative og supplerande kommunikasjonsformer» eksplisitt nevnt i definisjonen av kommunikasjon, men ikkje i definisjonen av språk. Vi meiner at dette er ei misforståing fordi ein har lagt den norske oversetninga av CRPD til grunn. Sidan det er den engelske versjonen som gjeld, kan ein ikkje argumentere mot at ASK er språk ved å vise til CRPD. Det er det motsette som er tilfelle, her vert ASK (non-spoken languages) nettopp inkludert i definisjonen av språk. «Other forms of non-spoken languages» er nettopp ASK, og blir i CRPD sett på som språk.

Vi håpar at feilen i oversetninga i artikkel 2 vert retta snarast, og at det blir gjort kjent for aktuelle instansar.

Helsing

Jørn Mandla Sibeko



Monica Tangen



Grete Vandvik



Signe Gjeraker



Elin Gunnarsson



Ruth Gravdal



Eva Kirkeberg

